



Kviteseid kommune
Kviteseidgata 13
3850 KVITSEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
Morten Wollebæk Lewin,

Lovlegkontroll av Kviteseid kommunestyre sitt vedtak i sak 73/2021 - budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025

Statsforvaltaren viser til sak 73/21 i Kviteseid kommunestyre med vedtak om årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark godkjenner vedtaket i Kviteseid kommunestyret 9. desember 2021 i sak 73/21 om årsbudsjett og økonomiplan for perioden 2022-2025.

Statsforvaltaren godkjenner òg ei låneramme for 2022 på 24,720 mill. kroner, i tillegg til 3 mill. kroner i startlån frå Husbanken, i tråd med vedtaket i sak 73/21.

Om bakgrunnen for saken og rettsleg grunnlag

Kviteseid kommune blei innmeldt i ROBEK 11. mars 2021, med heimel i kommunelova §28-1 første ledd bokstav a og b. Som en følge av det skal Statsforvaltaren kontrollere lovlegheita av vedtak om *årsbudsjett* jf. kommunelova §28-3 første ledd.

Statsforvaltaren kan òg lovlegkontrollere vedtak av eiga tiltak, dersom «særlige grunner tilsier det», jf. kommunelova §27-1 andre ledd. På bakgrunn av meirforbruket i økonomiplanvedtaket som låg til grunn for innmeldinga i ROBEK, budsjettjusteringane som blei gjort i løpet av 2021, kommunestyret sine endringar på administrasjonen sitt framlegg, har vi vurdert det som nødvendig å kontrollere lovlegheita av vedtaket om *økonomiplanen* òg. Både årsbudsjettet og økonomiplanen blei vedtatt i sak 73/21.

Ein sentral del av vår lovlegkontroll er om budsjett og økonomiplan er satt opp i balanse og er realistisk, jf. kommunelova §14-4 tredje ledd. Kravet til realisme inneber at «inntekter og utgifter innarbeides med det som sannsynlig må påregnes, ut fra alminnelige forventningar om utviklingen i eksterne faktorer og ut fra de bevilgningar og tiltak som kommunestyret eller fylkestinget vedtar i økonomiplanen og årsbudsjettet», jf. Prop. 46 L (2017-2018).



Krava til utgiftsrammene er at løyvingane skal være tilstrekkelege til å oppfylle minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle tenesta, eller til forsvarlege tenester. I rundskriv H-19/05 skriv Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) følgjande om realismekravet for budsjettering av utgifter i budsjettet:

«Betraktningene rundt budsjettets utgiftsside bør [...] hovedsakelig begrense seg til å påse at balansekravet overholdes, med mindre det åpenbart skulle framgå at bevilgningene ikke vil være tilstrekkelige til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle tjeneste. Betydelige reduksjoner fra tidligere års bevilgninger og anvendelse må [...] forklares ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette».

Om ei løyving blir vurdert ikkje tilstrekkeleg til å dekke utgifter til tenester det er satt klart definerte minimumskrav til, må heile budsjettvedtaket bli underkjent.

Lovlegkontrollen etter §28-3 er ikkje avgrensa til ein kontroll med balanse og realisme, og skal som utgangspunkt vere ein kontroll av om årsbudsjettet tilfredsstillir alle dei ulike krava til årsbudsjettet som følgjer av kommunelova og tilhøyrande forskrift 7.6.2019 nr. 214 om økonomiplan, årsbudsjett mv. (budsjett- og regnskapsforskrifta). For lovlegkontrollen av årsbudsjettet etter § 28-3 gjelder elles § 27-3, men ikkje § 27-3 andre ledd.

Lovlegkontrollen etter §27-1 andre ledd er avgrensa til ein kontroll mot §14-4 tredje ledd, med hovudvekt på balanse og realisme, jf. §27-3 andre ledd.

Statsforvaltaren sin vurdering av kommunestyret sitt vedtak

Jf. kommunelova § 27-3 første ledd skal statsforvaltaren ved lovlegkontroll «ta stilling til om vedtaket

- a) har et lovlig innhold
- b) er truffet av noen som har myndighet til å treffe et slikt vedtak
- c) har blitt til på lovlig måte»

Vi har ingen merknader til vedtaket i forhold til § 27-3 første ledd b og c.

Som nemnd er spørsmåla om realisme og balanse sentrale i lovlegkontrollen. Løyvingsoversiktene etter §5-4 første ledd og §5-6 viser balanse kvart av åra frå 2022 til 2025. Løyvingsoversikta etter §5-4 andre ledd viser òg at det ikkje er noko meirforbruk på botnlinja noko av åra. Vurderingane under er derfor knytt til realismen i budsjettet og økonomiplanen.

Som eit grunnlag for desse vurderingane spurde vi administrasjonen i kommunen om å gi sine vurderingar av nokre av innsparingstiltaka i budsjettet, som vi vurderer som dei mest krevjande. Det gjaldt innsparing ved Kviteseid omsorgssenter, Kviteseid skule, vurdering av utbytte frå Vest-Telemark kraftlag og straumkostnader. Desse innspela ligg til grunn for våre realismevurderingar under.

Inntektssida

I rundskriv H-19/05 skriv KDD at «Inntektssiden bør ta utgangspunkt i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet (St.prp. nr. 1), der blant annet regjeringens anslag for kommunenes inntektsvekst for det påfølgende år publiseres. Kommunens budsjetterte inntekter bør ligge innenfor regjeringens prognose. Dersom kommunen opererer med et annet anslag, må avviket begrunnes.»



Dei frie inntektene for 2022 er hovudsakleg i tråd med anslaga frå departementet, jf. saldert budsjett. Kommunen har lagt til grunn at dei vil få utbetalt 400 000 kroner i tilbakehaldne skjønnsmidlar når dei blir meld ut av ROBEK.

Det synast ikkje å vere lagt til grunn realvekst i frie inntekter i økonomiplanperioden.

Det er i budsjettet føresett ei betydeleg auke i utbyttet frå Vest-Telemark kraftlag i 2022. Det er lagt til grunn noko lågare utbytte igjen frå 2023 til 2025, men likevel høgare enn rekneskapsført i 2020 og budsjettert for 2021.

Administrasjonen sin vurdering er at det budsjetterte utbyttet ikkje er urealistisk basert på dei resultatsignala som blei gitt frå VTK i fjor haust og med dei høge straumprisane ut året. Kommunen har òg budsjettert med auka straumkostnader, men kostnadene aukar ikkje like mykje som utbyttet. Dei gjennomfører òg tiltak som reduserer straumbehovet.

Straumprisane held seg framleis på eit høgt nivå, og det er sannsynleg at dei vil helde seg høgare enn normalt utover i 2022. Dette trekk i retning av at kommunen sitt utbytte i budsjett og økonomiplan ikkje openbart er urealistisk.

Figur – løyvingsoversikt drift etter §5-4 første ledd

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 1. ledd							
	Regnskap 2020	Budsjett 2021	3 budsje rev 21	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskot	-99 605 318	-101 134 000	-100 316 000	-100 005 000	-100 115 000	-99 565 000	-99 465 000
Inntekts- og formuesskatt	-67 376 582	-68 973 000	-75 151 000	-75 119 000	-75 119 000	-75 119 000	-75 119 000
Eigedomsskatt	-3 756 308	-3 756 160	-3 756 000	-3 420 000	-1 570 000	-6 070 000	-8 070 000
Andre generelle driftsinntekter	-4 437 281	-3 575 000	-3 429 000	-3 086 000	-3 275 000	-2 439 000	-2 439 000
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-175 175 489	-177 438 160	-182 652 000	-181 630 000	-180 079 000	-183 193 000	-185 093 000
Sum bevilgninger drift, netto	175 823 115	170 486 690	176 814 000	176 351 061	173 298 670	171 287 849	171 201 601
Avskrivningar	12 478 597	10 158 175	13 189 000	13 590 000	14 253 000	13 771 000	14 178 000
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	188 301 712	180 644 865	190 003 000	189 941 061	187 551 670	185 058 849	185 379 601
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	13 126 223	3 206 705	7 351 000	8 311 061	7 472 670	1 865 849	286 601
Renteinntekter	-1 257 017	-786 000	-786 000	-786 000	-1 026 000	-1 635 000	-1 659 250
Utbytter - VTK	-3 424 402	-3 325 000	-3 325 000	-6 630 000	-4 630 000	-4 630 000	-4 630 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	3 422 446	2 425 000	2 425 000	2 630 000	3 280 000	4 419 000	4 894 500
Avdrag på lån	6 903 940	7 566 000	7 566 000	8 229 000	9 104 000	9 432 000	10 195 000
NETTO FINANSUTGIFTER	5 644 967	5 880 000	6 183 000	3 203 000	6 308 000	7 586 000	8 800 250
Motpost avskrivningar	-12 478 597	-10 158 175	-13 189 000	-13 590 000	-14 253 000	-13 771 000	-14 178 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	6 292 593	-1 071 470	344 000	-2 075 939	-472 330	-4 319 151	-5 091 149
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	297 000	715 000	2 587 000	715 000	715 000	715 000	715 000
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond	-673 694	1 394 470	-1 546 000	1 134 362	1 706 841	2 050 190	1 193 919
Netto avsetning til eller bruk av disposisjonsfond	-9 691 914	-1 038 000	-1 386 000	226 577	-1 949 511	1 553 961	3 182 230
Dekning av tidligere års meirforbruk	377 6015	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 292 593	1 071 470	-344 000	2 075 939	472 330	4 319 151	5 091 149
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SEINERE ÅR	0	0	0	0	0	0	0

Utgiftssida

I det nemnde rundskrivet H-10/05 står det vidare at «Vurderingen av realismekravet for utgiftsnivået vil (..) måtte bero på skjønn, men hva som vil være tilstrekkelige utgiftsrammer innan det enkelte tjenesteområde, vil være vanskelig å bedømme. Vurderingen bør heller ikke innskrenke kommunens muligheter til å foreta omprioriteringer mellom utgiftsformål.»

I utgangspunktet vil løyvingane på dei ulike områdene bli vurdert å vere i tråd med kravet til realisme, jf. 14-4 tredje ledd, «med mindre det åpenbart skulle framgå at bevilgningene ikke vil være tilstrekkelige til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle tjeneste.»



Kviteseid omsorgssenter (KOS) og heimetenestene

Budsjettrammen for KOS blei betydeleg oppjustert i løpet av 2021. Etter tredje budsjettrevisjon i var ramma 5,2 mill. kroner høgare enn opphavleg budsjett og 4,3 mill. kroner høgare enn i rekneskapen for 2020.

I administrasjonen sitt forslag til budsjett for 2022 var det lagt opp til ein auke frå opphavleg ramme ved KOS i 2021, men ein reduksjon samanlikna med justert budsjett. Frå 2023 og ut planperioden var det lagt inn ein reduksjon av ramma for omsorgssenteret og styrking av heimetenestene. Kommunestyret vedtok å framskynde delar av denne reduksjonen ved KOS frå 2023 til 2022.

Figur – løyvingsoversikt drift per rammeområde etter §5-4 andre ledd - Kviteseid omsorgssenter og heimetenestene

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde §5-4, 2. ledd							
Linjenavn	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Kviteseid omsorgssenter							
Bevilgninger drift, netto		22 569 007	21 689 366	22 711 304	21 093 304	21 093 304	21 093 304
Sum netto		22 569 007	21 689 366	22 711 304	21 093 304	21 093 304	21 093 304
Netto avsetnad til eller bruk av bunde fond		124 985	0	0	0	0	0
Netto avsetnad eller bruk disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0
Heimetenestene							
Bevilgninger drift, netto		16 712 923	17 289 968	16 694 681	18 125 681	18 744 681	18 744 681
Sum netto		16 712 923	17 289 968	16 694 681	18 125 681	18 744 681	18 744 681
Netto avsetnad til eller bruk av bunde fond		-7 496	0	0	0	0	0
Netto avsetnad eller bruk disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0

I lys av den monalege utgiftsauken ved KOS i løpet av 2021, bad vi administrasjonen om ei vurdering av realismen i å kunne tilby forsvarlege tenester innanfor dei vedtekne rammene til Kviteseid omsorgssenter og heimetenestene, både i budsjettåret 2022 og vidare fram til og med 2025, som følgjer av løyvingsoversyn §5.4 andre ledd.

Vi bad òg administrasjonen vurdere korleis den føresette reduksjonen av talet plasser ved KOS kan bli gjennomført utan at rammene for heimetenestene vert auka i budsjettet for 2022, og om dei ville klare å flytte tenester frå omsorgssenteret og over til heimetenestene som planlagt i økonomiplanperioden.

Kommunens vurdering er at reduksjonen i talet på plasser allereie er gjennomført ved KOS, men at «Ytterlegare reduksjon i ramma på 1,1 mill. vil vere krevjande å få til på KOS utan å sjå heile sektoren under eitt. Om kommunestyre sluttar seg til at ein kan finne inndekning ved å sjå på heile sektoren, vil kommunedirektøren i 1. budsjettrevisjon gjere framlegg om kombinert inndekning for å halde dei økonomiske rammene kommunestyre har vedteke. Dette for å sikre tilbodet til dei mest sårbare innbyggjarane.»

Kommunen skal utarbeide en ny helse- og omsorgsplan, og den vil leggjast til grunn for gjennomføringa av økonomiplanen for 2023-2025. Den vil òg gi føringar for langsiktig tenestetilbod og dimensjonering frem mot 2040.

Ifølge opplysingane gitt ved budsjettjusteringane i fjor, hadde utgiftsauken i hovudsak samanheng med vikarbehov som følgje av pandemien, m.a. til vikarbyrå. Vi legg til grunn at dette er utgifter som vil bli monaleg redusert i ein normal situasjon. Det er gitt klare signaler om at staten vil kompensere kommunane for meirutgifter knytt til pandemihandteringa òg i 2022. Kommunen bør derfor sørge for å identifisere desse kostnadene løpande.



Vi kjenner ikkje til at kommunen har hatt spesielle utfordringar med å tilby forsvarlege omsorgstenester.

Statsforvaltaren vurderer at det, i tråd med administrasjonen si eiga vurdering, blir krevjande for kommunen å halde dei vedtekne rammene ved omsorgssenteret og heimetenestene i år. Å sjå helsesektoren under eitt gir kommunen eit visst spelrom for å halde den samla ramma innanfor sektoren. Etter ei samla vurdering legg vi derfor til grunn at det ikkje er openbart at dei vedtekne rammene for omsorgstenestene ikkje er tilstrekkelege.

Kviteseid skule

Budsjettet for 2021 la opp til ein reduksjon av ramma for Kviteseid skule samanlikna med rekneskapen for 2020 med 800 000 kroner. Ved tredje budsjettrevisjon for 2021 blei ramma auka med om lag 1,5 mill. kroner samanlikna med opphavleg budsjett. Ifølgje forklaringa for kommunestyret ved andre budsjettrevisjon var det vanskeleg å tilpasse drifta ved Kviteseid skule til opphavleg budsjetttramme.

I administrasjonen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2022-2025 låg det inne ei innsparing på Brunkeberg oppvekstsenter på 2,5 mill. kroner frå 2022 til 2024, som følgje av ei føresett overføring av elevar til Kviteseid skule hausten 2023.

Foreslått ramme til Kviteseid skule var frå 2024 noko høgare enn opphavleg budsjettert for 2021, men ikkje samanlikna med justert budsjett (23,3 mill. kroner). For Kviteseid skule og Brunkeberg oppvekstsenter samla innebar dette ei ikkje ubetydeleg innsparing med heilårseffekt frå 2024, samanlikna med opphavleg budsjetttramme for 2021.

Kommunestyret vedtok så å redusere ramma til Kviteseid skule samanlikna med administrasjonens forslag, frå 2022 og med aukande effekt gjennom planperioden. Ramma for 2022 er om lag 0,9 mill. kroner lågare enn justert budsjett for 2021.

I 2025 er ramma for Kviteseid skule 20,8 mill. kroner. Det vil innebere ein betydeleg reduksjon frå opphavleg budsjett for 2021, spesielt når ein tek omsyn til overføring av elevar frå Brunkeberg skule.

Figur – løyvingsoversikt drift per rammeområde etter §5-4 andre ledd - Kviteseid skule

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde §5-4, 2. ledd							
Linjenavn	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Kviteseid skule							
Bevilgninger drift, netto		22 634 926	21 836 912	22 440 981	21 631 481	21 253 481	20 772 481
Sum netto		22 634 926	21 836 912	22 440 981	21 631 481	21 253 481	20 772 481
Netto avsetnad til eller bruk av bunde fond		-244 672	-31 710	-106 710	-31 710	-31 710	-31 710
Netto avsetnad eller bruk disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0

Kommunen skal gå i gang med prosessen med å overføre elevar frå Brunkeberg oppvekstsenter til Kviteseid skule frå hausten 2023. Denne prosessen vil bli gjennomført i år og gi føringar for budsjett- og økonomiarbeidet for 2023 og de påfølgjande åra.

Vi bad kommunen om ei vurdering av realismen i å kunne tilby forsvarlege tenester innanfor dei vedtekne rammene til Kviteseid skule, som følgjer av løyvingsoversikt §5-4 andre ledd, spesielt etter overflytting av elevar frå Brunkeberg oppvekstsenter.

Som ein del av ei slik vurdering bad vi spesielt om kommentarar til kva for konsekvensar desse reduksjonane vil få for drifta, med omsyn til stillingskutt og lærardekning.



Kommunedirektøren si vurdering er at dei gjennom å styrke tidleg innsats og tilpassa opplæring overfor elever som har utfordringar, kan gi eit betre tilbod gjennom ordinær undervisning og slik redusere behovet for spesialundervisning. Dette vil gjere det mogleg å tilpasse drifta til dei rammene som er vedtatt i budsjettet og økonomiplanen.


Vi har mottatt innspel frå både kommunalsjefen for skule og barnehage i kommunen, og Utdanningsforbundet i Kviteseid, som ikkje synast å støtte denne tilnærminga.

Vi vil òg uttrykke ei viss bekymring knytt til den planlagde innsparingseffekten på kort sikt av å vri tilbodet innan spesialundervisning til å gi meir av tilbodet innan den ordinære klasseundervisninga. Kommunen har uansett ansvaret for å fatte einskildvedtak i tråd med dei sakkunnige vurderingane til PP-tenesta. Dersom elevane har krav på spesialundervisning etter sakkunnigvurdering må dei difor få dette.

Statsforvaltaren bad Kviteseid kommune kommentere innspela frå kommunalsjefen og Utdanningsforbundet. Kommunedirektøren har i brev av 18. februar gjort greie for korleis kommunen kan gjennomføre kutta ved Kviteseid skule, mellom anna med konkrete tiltak med budsjettkonsekvensar. Dette sannsynleggjer at det er mogleg å halde vedtatt rammene ved Kviteseid skule.

Figuren under viser netto driftsutgifter per elev frå 2020 på Kostra-funksjon 202 Grunnskole i Kviteseid kommune samanlikna med nokon andre kommunar i fylket og tilsvarende i Kostra-gruppa Kviteseid høyrar til. Figuren trekk i retning av at det kan vere eit ikkje ubetydeleg innsparingspotensial på skuledrifta i kommunen, men kor mykje og kor raskt det kan la seg gjere er uklart. Samstundes inneber den planlagde innsparinga som følgje av overføring av elevar frå Brunkeberg til Kviteseid til å hente ut ein del av dette potensialet. Det resterande potensialet er det vanskeleg å vurdere.

Figur – Netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i 2020 for eit utval kommunar og Kostra-gruppe 4





På same måte som for omsorgstenestene, vurderer vi at det kan bli krevjande å drive Kviteseid skule innanfor dei vedtekne rammene, spesielt fram mot 2025. Vi legg likevel kommunedirektøren si vurdering til grunn om at dette vil vere mogleg å gjennomføre. Vi vurderer derfor at det ikkje er openbart at dei vedtekne rammene for Kviteseid skule ikkje er tilstrekkelege.

Samla vurdering

Vi anerkjenner likevel bekymringane rundt effektane av innsparingane. Det er derfor uvisse om kommunen vil kunne halde dei vedtekne rammene på desse tenesteområda. Trass i dette kan vi, på bakgrunn av dei skisserte tiltaka, ikkje konkludere med at innsparingane inneber at rammene «openbart ikkje er tilstrekkelige til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle teneste».

Statsforvaltaren godkjenner derfor vedtaket frå kommunestyret 9. desember i sak 73/21 om årsbudsjett og økonomiplan for perioden 2022-2025.

Vi vil likevel minne om kommunelova §14-5 tredje ledd, som seier at «Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret (..) om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.» Dersom det viser seg at kommunen ikkje klarer å halde dei vedtekne rammene, må kommunedirektøren foreslå ein justering av budsjettet til kommunestyret. Dersom det viser seg at dei føresette innsparingane likevel ikkje er mogleg å oppnå og samstundes tilby forsvarlege tenester, må kommunen revurdere desse føresetnadane mot nye vedtak om budsjett og økonomiplan.

Vi understrekar at embetet gjennom sin tilsynsverksemd vil føre tilsyn med at lovpålagte tenester blir utført i tråd med dei krav særlovane sett. Vi vil òg tilby kommunen nærare rettleiing.

Utmelding av ROBEK

Som følge av at både budsjett og økonomiplan er vedtatt utan meirforbruk vil Statsforvaltaren be KDD slette kommunen frå registeret – både etter § 28-1 første ledd bokstav a og b.

Vi vil òg oppmode departementet om å utbetale 400 000 kroner i tilbakehaldne skjønnsmidlar til kommunen.

Vurdering av kommunens økonomiske situasjon

Rekneskap

Kviteseid blei meldt inn i ROBEK som følge av meirforbruk i vedtatt årsbudsjett og økonomiplan, men utan at kommunen hadde meirforbruk i rekneskapen. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2020 var 8,8 mill. kroner eller om lag 3,2 prosent av brutto driftsinntekter. Dei svake netto driftsresultata dei siste åra har redusert kommunen sine økonomiske reservar. Prognosane for rekneskapen for 2021 ser betre ut, mellom anna som følge av høgare skatteinntekter enn antatt.

Årsbudsjett og økonomiplan – finansielle måltal

Kommunelova 14-2 bokstav c pålegg kommunane å vedta «finansielle måltal for utviklingen av kommunens økonomi». Føremålet med å ha måltal for til dømes netto driftsresultat og disposisjonsfond er at dei skal synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid. Dei skal fungere som eit verktøy for å hjelpe kommunane og auke medvitet om langsiktig



økonomiforvaltning i budsjettprosessane. Kommunane bør derfor i sin økonomiske planlegging styre mot å nå dei finansielle måltala.

Kommunen sitt eige måltal for disposisjonsfond er 5 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er eit minimum av kva ein kommune av Kviteseids storleik bør ha for å kunne handtere uventa utgifter eller svikt i inntekter utan at det går direkte ut over tenesteproduksjonen. Kommunen bør altså bygge opp disposisjonsfondet de kommande åra.

Kommunen sitt måltal for netto driftsresultat er «>0%» av brutto driftsinntekter. Det anbefalte nivået frå Teknisk beregningsutvalg (TBU) er 1,75 prosent. Det er ikkje sett krav til nivået på dei finansielle måltala. For at måltalet for netto driftsresultat skal synleggjere kva som skal til for å ha ein berekraftig driftsøkonomi, bør det vere noko høgare enn null prosent. Ved å styre mot berekraftige måltal i sin planlegging, vil kommunen kunne tryggje det finansielle grunnlaget for tenesteproduksjonen over tid.

For å kunne auke sin økonomiske reserve bør netto driftsresultat ha eit visst nivå.

I årsbudsjettet og økonomiplanen er netto driftsresultat større enn null kvart år, og i 2024 og 2025 høgare enn anbefalinga frå TBU. Sidan netto driftsresultat òg inkluderer avsetningar til bundne fond, inneber dette at kommunen i 2023 likevel planlegg å redusere disposisjonsfondet – med 1,9 mill. kroner. I 2024 og 2025 vil kommunen etter planen igjen auka disposisjonsfondet med til saman 4,7 mill. kroner. I sum aukar disposisjonsfondet i perioden med 3,0 mill. kroner.

Med den vedtekne økonomiplanen ligg kommunen an til å kunne nå målet om eit disposisjonsfond på fem prosent i økonomiplanperioden. Den største uvisse her er føresetnaden om at kommunen klarer å halde seg innanfor dei vedtekne rammene på tenestekområda omtala ovanfor. Dei må òg gjennomføre prosessen som blir kravd for å komme i mål med nedlegging av skuledrifta ved Brunkeberg oppvekstsenter hausten 2023. I tillegg er det lagt opp til ei inntektsauke ved å innføre eigedomsskatt frå 2024.

Økonomiplanlegging på lenger sikt

Framskrivningar frå SSB viser at forholdet mellom talet på innbyggjarar i alderen 20-66 år og talet på innbyggjarar frå 67 år og oppover, vil bli svakare i Kviteseid i åra som kjem. Denne demografiske utviklinga legg føringar for planlegginga av økonomi og tenesteproduksjon. I tillegg til å tilpasse tenesteproduksjonen slik at det er eit betre samsvar mellom utgifter og inntekter, må kommunen ta omsyn til endringane i etterspurnaden etter tenestene for å kunne legge til rette for ein berekraftig driftsøkonomi.

Vi vil samstundes minne om at dåverande regjering i Kommuneproposisjonen 2022 skreiv at «I årene framover vil handlingsrommet i statsbudsjettet bli mindre. Det blir flere eldre, noe som vil gi en vekst i utgifter til helse- og omsorgstjenester og pensjonsutbetalinger. For kommunene vil dette bety vekst i utgifter til pleie- og omsorgstjenesten, og at arbeidskraftbehovet øker innenfor sektoren. Samtidig vil det bli relativt færre i yrkesaktiv alder, noe som også betyr at veksten i skatteinntekter vil avta. Handlingsrommet vil også svekkes fordi bruken av fondsmidler over statsbudsjettet forventes å vokse mindre enn tidligere, og etter hvert krympe som andel av økonomien». Sjølv om noverande regjering sørga for høgare inntektsvekst i 2022, jf. saldert budsjett, enn den dåverande la opp til i St.prp. 1 (2021-2022), er det ikkje sikkert inntektsveksten kommande år blir like stor som i år.



Det er avgjerande at kommunen, både av omsyn til økonomi, men òg kvaliteten på tenestene kommunen kan tilby innanfor sin økonomiske ramme, tar omsyn til utvikling i folketal og demografi i utforminga av tenesteproduksjonen i åra som kjem.

Godkjenning av låneramme

Etter kommunelova §28-3 andre ledd skal Statsforvaltaren òg godkjenne vedtak om låneopptak og avtalar om leige av varige driftsmidlar kor leigeavtalen kan påføre kommunen utgifter ut over dei fire neste budsjettåra, før dei er gyldige. Denne godkjenninga gjeld berre årsbudsjettet, ikkje resten av økonomiplanperioden.

§28-3 tredje ledd stadfestar at godkjenninga skal skje ved at Statsforvaltaren sett ei øvre ramme for nye låneopptak for budsjettåret. Godkjenninga skal ikkje skje i form av godkjenning av kvart enkelt låneopptak.

Vedtaket om å ta opp lån skal kome fram av vedtaket om årsbudsjett, jf. § 14-4 andre ledd.

Lånegodkjenningen skal gjerast med omsyn til kommunen sin økonomi og medverke til at kommunens økonomiske balanse blir retta opp igjen. Statsforvaltaren skal vurdere om ramma for årets låneopptak skal bli redusert dersom kommune har ledige ubrukke lånemidlar. Vi skal òg vurdere om det skal bli fastsett nærare vilkår for bruk av låneramma. Slike vilkår kan vere at låneramma berre kan nyttast til bestemte føremål, eller at låneramma ikkje kan nyttast til visse formål. Statsforvaltaren kan berre fastsette vilkår for bruk av ramma dersom det er nødvendig av omsyn til kommunen sin økonomi.

Kommunen har for 2022 vedteken investeringar i varige driftsmidlar på 26,940 mill. kroner og bruk av lån på 24,720 mill. kroner, jf. løyvingsoversikt §5-5 i vedtaket i sak 73/21. I tillegg kjem 3 mill. kroner i startlån frå Husbanken. Løyvingsoversikt §5-4 første ledd viser at kommunen planlegg å betale 8,229 mill. kroner i avdrag på lån.

Vi legg til grunn at kommunen har behov for løpande oppgraderingar av sin infrastruktur. Statsforvaltaren godkjenner ei låneramme for 2022 som ligg til grunn i vedtaket i sak 73/21, jf. løyvingsoversikt §5-5.

Med helsing

Fred-Ivar Syrstad
Ass. statsforvaltar

Morten Wollebæk Lewin
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent